



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Dispensasjon - Alver 1/2 - parkeringsplass

Vi viser til brev frå kommunen datert 19.01.23. Saka gjeld søknad om parkering på 50 m<sup>2</sup> for eksisterande naust i regulert friluftsområde på gbnr 1/ 2 Flatøy. Kommunen opplyser at det er naudsynt med dispensasjon frå formål friluftsområde, frå byggeforbodet i 100-metersbeltet, frå regulert mellombels anlegg og riggområde og byggjegrænse mot fylkesveg.



### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt.



Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08).

Det er stort byggepress i området. Det er viktig at kommunen vurderer både grønstruktur, landskap og friluftsiinteresser. Badestranda i nærleiken har opplagte verdiar, som må ivaretakast. Det er uklart kor mykje terrenginngrep som er naudsynt. Vi rår ifrå større terrenginngrep for å anlegge parkeringsplass.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN